

ÅGE VALDAL SITT MINNEFOND

Historikk

Åge Valdal, fødd 07.03.47, død 08.02.98, var i mange år aktiv i Gossen IL. Han var mellom anna formann i Gossen IL, formann i byggekomiteen for Aukrahallen og formann i styret for Aukrahallen.

I samband med Åge sin bortgang ønskte familien ei gavetil Aukrahallen i staden for blomster. I gravferda kom det inn kr. 30.146,- som gavet til Aukrahallen og som danna grunnlaget for kapitalen i minnefondet.

Formål

Formålet med Åge Valdal sitt minnefond er at fondet skal nyttast til tiltak knytta til Aukrahallen.

Bruk av fondet

Det er Gossen IL ved styret i Aukrahallen som disponerer fondet, og som avgjer uttak frå fondet. Det skal først protokoll for alle styrevedtak som gjeld uttak frå fondet.

Fondet skal ikkje nyttast til ordinær drift. Det kan nyttast til invisteringar og andre tiltak som har varige verdiar sportsleg eller materielt for Gossen IL og Aukrahallen.

Rentene av fondet kan nyttast til ærespris i samband med Aukracupen. Prisen skal gå til aldersbestemte klassar i alderen 12 - 17 år.

Styrking av fondet

Styrking av fondet kan skje gjennom gavet eller avsetjingar.

Rekneskap

Det er den som fører rekneskapen for styret i Aukrahallen som skal føre rekneskap over bruken av midlar og sjå til at utbetalingane følgjer vedtaka som styret i Aukrahallen har gjort. Tilføring av ny kapital gjennom gavet og avsetjingar skal registrerast og gå klart fram av rekneskapen.

Det skal først eige rekneskap for fondet. Det skal i samband med årsrekneskapen setjast opp oversikt over inntekter og utgifter samt kapital pr. 31.12 i fondet. Rekneskapen skal reviderast av Gossen IL sin revisor.

Aukra, 7. februar 2000

formann Gossen IL

formann Aukrahallen